

Dåpssamlingar i Den norske kyrkja



HANS AUSTNABERG
PROFESSOR I PRAKTIK TEOLGI

hans.austnaberg@vid.no

Sammendrag:

Dåpssamlinga er eit viktig møtepunkt mellom dåpsforeldre og kyrkja. I artikkelen avgrensar eg meg til å undersøka korleis prest og kateket legg opp samlingane, og spør korleis formidling, sosialisering og aktiv deltaking samverkar i opplegget. Artikkelen byggjer på eit empirisk materiale som er kome i stand gjennom observasjon av dåpssamlingar og kvalitative forskingsintervju i seks kyrkjelydar i to bispedøme. Fokus i presentasjonen og drøftingane er kva kunnskaps- og læringssyn som ligg under og pregar opplegget for dåpssamlingane. Sjølv om sosialisering og aktiv deltaking er ein del av dåpssamlingane, finn eg at dei er sterkt prega av det eg i artikkelen kallar formidling, og utfordringa er særleg å involvera dåpsforeldra meir i dialog.

Introduksjon

Ein obligatorisk dåppssamtale før dåp blei ikkje innført i Den norske kyrkja (DnK) før på slutten av 1960-talet (Bispemøtet 1982), men i dag kan den seiast å vera institusjonalisert som eit fast møtepunkt mellom kyrkja og foreldra til dei som skal døypast. Medan den gjennomsnittlege oppslutninga om trusopplæringstiltak er ca. 25 % (Birkedal, Leganger-Krogstad og Austnaberg 2017:268), har dåpssamtalen 100 %. At dåpsprosenten har gått drastisk ned dei siste 10–15 åra, òg mellom DnK sine eigne medlemmer, er ei stor utfordring, men i dåpssamtalen har kyrkja ennå ein unik moglegheit til å møta alle medlemmene som skal ha dåp for sine barn. Det gir perspektiv på kor viktig dette møtepunktet er.

Dette møtet mellom kyrkja og foreldra før dåp skjer ikkje berre gjennom dåpssamtalar. Mange kyrkjelydar inviterer fleire foreldre til ei felles samling før dåp, og det er denne dåpssamlinga

artikkelen fokuserer på. Årsrapporten for Stavanger bispedømme konstaterer at "stadig fleire kyrkjelydar arrangerer dåpssamling i staden for dåpssamtalar, for å kopla dåp tettare saman med trusopplæring" (Bispedømme 2016:21). Fleire av dei som skriv om dåpssamtalar, refererer òg til at mange kyrkjelydar nå satsar på gruppessamlingar i samband med dåp. Kleiven seier endå til at det var ei overraskande oppdaging for dei at dåpssamtalen i mange kyrkjelydar var erstatta med dåpssamling (Liødden 2014:107, Kleiven 2016:65). Sjølv om dåpssamlingar ikkje er ei heilt ny praksisform der lokalkyrkjelydar prøver å arbeida med dåpen på ein annan måte enn ved tradisjonelle dåpssamtalar, er denne samlinga ennå under utvikling og derfor spesielt interessant å undersøkja. Gjennomgangen av litteratur omkring dåp og møtet med foreldra viser at fokus i høg grad ligg på dåpssamtale og berre unntaksvis på dåpssamling (Jørgensen 2002). Det viser at det er behov for undersøkingar som spe-

sifikt fokuserer på dåpssamling, slik eg gir eit bidrag til nå. Eg ønskjer i artikkelen å undersøkja kva moglegheiter dåpssamlinga som ei sjølvstendig praksisform gir, og eg ser dette i lys av litteratur om dåpssamtalen, sidan det ennå ikkje på norsk finst forskingsbidrag om dåpssamlinga. Hovudproblemstillinga fokuserer på kunnskaps- og læringssyn, og eg vil utforska korleis formidling, sosialisering og aktiv deltaking samverkar i prestar og kateketar sine opplegg for dåpssamlingar. I forståinga av desse omgrepene byggjer eg på Fuglseth, Haakedal og Schmidt, som eg vil presentera i teorikapitlet nedanfor.

Materiale og metode

Artikkelen byggjer på eit delmateriale frå ei empirisk undersøking i totalt seks kyrkjelydar i Bjørgvin og Stavanger bispedøme, i det kyrkerådsstøtta prosjektet "Det lutherske dåpssyn i trusopplæringa". I samarbeid med rådgjevarar for trusopplæring ved bispedommekontora blei tre kyrkjelydar i kvart bispedøme kontakta, ut frå ein etablert kyrkjelydstypologi: ein folkekirkjekyrkjelyd, ein arbeidskyrkjekyrkjelyd og ein bedehuskyrkjelyd (Hegstad 2008:156–159). Kriteria var at by og land skulle vera representerte, og større og mindre kyrkjelydar. I kvar kyrkjelyd intervjuja eg sokneprest/prest og kateket/kyrkjelydspedagog, i alt 12 individuelle djupintervju.¹ Spørsmåla handla om deira dåpsforståing og korleis dei presenterer dåpen. Eg observerte fire dåpssamlingar, og det er i særleg grad dette observasjonsmaterialet eg brukar i artikkelen. I nokre tilfelle viser eg til utfyllande informasjon i intervjua når det gjeld respondentane si dåpsforståing, men har ikkje i intervjuguiden spesifikke spørsmål til sjølve dåpssamlinga.²

Det empiriske materialet gjer det mogleg for meg å svara på kva kunnskaps- og læringssyn som ligg under og pregar dåpssamlingane, som forskingsspørsmålet fokuserer på. Med eit såpass avgrensa materiale blir dette likevel tentative funn. Målet er å presentera materiale og funn på ein slik måte at det gir gjenklang i andre si forsking og erfaring. Sjølv om eg vonar at innslittene når lenger enn det partikulære i situasjonane som er skildra, har eg ikkje noko ønske om å generalisera, og eg er klar over at funna berre kan seja noko om mitt utval.³ Når det er sagt, vil

eg likevel hevda at bidraget er viktig, sett i lys av manglande fokus på denne interessante delen av kyrkjelydane sitt arbeid med dåpsfasen. Det er eit første skritt inn i eit felt som til nå er lite utforska. Metodisk vil eg analysera og drøfta funna mine opp mot litteratur om dåpssamtalen. Det gjer eg ikkje for å tilbakevisa tidlegare forsking på dåpssamtalen, noko som heller ikkje er mogleg med mitt materiale. Det eg ønskjer, er å undersøkja korleis møtepunktet mellom kyrkja og dåpsforeldra skjer på ein annan måte i dåpssamlingar.

Litteraturoversyn og teori

Det finst ein del føringar for dåpssamtalen i kyrkja sitt planverk.⁴ Sjølv vil eg hevda at Øystein Bjørdal sitt kapittel om dåpssamtalen i boka *Være tider i Guds hånd* har påverka prestar i stor grad frå ho blei utgjeven (Bjørdal 1997). Boka er ei av få lærebøker som har tatt opp kasualia-handlingane⁵ samla, og har stått på fleire av dei teologiske utdanningsinstitusjonane sine litteraturlister. Det finst ein del bidrag som gir praktiske råd til gjennomføring av dåpssamtalen: Boka *Himmelgaven* har delkapittel med forskjellige perspektiv, med særleg vekt på det metodiske (Akerø og Andersen 2002). Sjur Isaksen har gitt ut eit samtalehefte om dåpen, som også inkluderer dåpssamtalen (Isaksen og Hodnefjeld 2015), og Runar J. Liodden presenterer korleis han sjølv som prest gjennomfører denne samtalen (Liodden 2014). Isaksen har også skrevet om dåpsamtalen, sett i eit omsorgsperspektiv (Isaksen 2016), og om kasualitatalar med fokus på sjelersorg (Isaksen 2014). Av empiriske undersøkingar om dåp og dåpsforståing kan Eva Reimers nemnast. Ho har empirisk materiale frå 15 dåpsamtalar i Sverige, der både foreldra sine synspunkt og prestane sine blir drøfta. Ho undersøkjer særleg prestane sine kommunikative strategiar i samtalen.⁶ Det er dei siste 10 åra blitt produsert mange masteroppgåver ved MF Vitenskapselig Høyskole, som handlar om dåp, dåpliturgi og dåpsforståing. Nokre av desse tar også opp dåpssamtalen, anten som hovudtema eller som delperspektiv (Holdø 2008; Jansvik 2009; Tindherholt 2013). Hovudfokus for desse tre er dåpsforeldra sine perspektiv på dåp i vår postmoderne tid, men oppgåvene inneheld også innspel til

den formidlinga som skjer frå kyrkja si side.⁷ Rune Øystese fokuserer på dåpssamtalen gjennom å undersøkja dåpsforeldre sine opplevingar og tankar om denne, slik det kjem til uttrykk i lite kyrkjeaktive dåpsmødre sine bloggar på nettet (Øystese 2013). Tormod Kleiven har levert eit empirisk bidrag til prestars og dåpsforeldre si oppleving av dåpssamtalar, men der har dåpssamtalene vore styrte til å fylgja eit utarbeida samtaleopplegg der omsorg for barnet og foreldra si livshistorie blir sett i sentrum (Kleiven 2016).

Alle desse bidraga handlar om dåpssamtalen, og mange av bidraga legg vekt på praktisk gjenomføring av denne. Det som er empiriske bidrag, undersøkjer dåpssamtalen mest frå dåpsforeldre sine synspunkt, sjølv om det innimellom blir referert til den rolla kyrkja sine representantar har i samtales. Eg ønskjer her å gi eit empirisk bidrag av dåpssamlinga, sett frå kyrkja sitt perspektiv. Eg avgrensar meg til å seia noko om korleis dei kyrkjelege arbeidarane, her prest og kateket, legg opp samlingane, og kva som kjenneteiknar desse. Sjølv om det ville vore interessant å undersøkja korleis dåpsforeldra responderer på opplegget i dåpssamlingane, har eg i artikkelen lite fokus på dette. Grunnen er forskingsspørsmålet mitt og kva det empiriske materialet gjer det mogeleg å seia noko om.

Når eg skal undersøkja kva kunnskaps- og læringssyn som kjem til uttrykk i dåpssamlingane, vil eg bruka omgrepene formidling, sosialisering og aktiv deltaking slik dei blir brukte av Kåre Fuglseth, Elisabet Haakedal og Ulla Schmidt (Fuglseth, Haakedal og Schmidt 2012:60–61).⁸

Omgrepa er henta frå pedagogisk teori, og dei nyttar omgrepene i sin analyse av lokale trusopplæringsplanar, der målgruppa er barn og unge. Eg relaterer dei same omgrepene til prestar og kateketar som gjennomfører dåpssamlingane. I utgangspunktet skil Fuglseth m.fl. mellom formidlingspedagogikk og sosialiseringpedagogikk, men seier at sosialiseringa kan vera meir eller mindre passiv, eller ho kan vera ei aktiv deltaking (Ibid.:134). Eg bruker omgrepene her ut frå ei tredeling. Omgrepene "formidling" står for det lærarstyrte, autoritære, monologiske og ofte kognitivt orienterte. Språket er hovudreiskap. Det blir hevdat at "[F]ormidling frå ein som har

innsikt, kunnskap, erfaring og legitim autoritet og relevante dugleikar, kan og bør inngå [...]." "Sosialisering" står for læring gjennom å ta del i, erfara og vera til stades. Det er fokus på fellesskap og å kjenna tryggleik. "Aktiv deltaking" peikar på aktiv utforsking mellom dei lærande og praksisar, gjenstandar og personar. Her finn ein eit ønske om å sleppa dei lærande sine erfaringar og refleksjonar til i samtale. Forfattarane ser dei tre perspektiva som gjensidig utfyllande.

Berre formidling og reproduksjon av kunnskap utan forståing blir fort utan mening og demotiverande. Rein sosialisering utan nokon form for sjølvstendig forståing av kunnskap blir fort upersonleg. Aktiv deltaking føreset på si side både god formidling og eit inkluderande sosialt miljø (Ibid.:60–61).

Dei hevdar at det ikkje alltid er lett å skilja desse pedagogiske prinsippa klart frå kvarandre i planane, og tolkar dette slik at kyrkjelydane opplever at dei treng fleire tilnærmingar. Omgrepa kan likevel seia noko om kor vekta ligg. I mi bruk av omgrepa vil eg undersøkja både i kva grad dei kan seiast å vera til stades i opplegget på dåpssamlingane, og kva som synest å bli særleg vektlagt.

Etter å ha presentert empiri frå fire dåpssamlingar analyserer eg denne tematisk, i lys av litteratur om dåpssamtalen. I nokre oppsummerande refleksjonar prøver eg å svara på problemstillinga: Korleis samverkar formidling, sosialisering og aktiv deltaking i den gjennomføringa av dåpssamlinga som kyrkja sine representantar legg opp til?

Presentasjon av dåpssamlingane

Oscar prest og Ole kateket er førebudde i god tid. Eit stort teppe er lagt klart framme i arbeidskyrkja, og begge tar imot dåpsfamiliane i våpenhuset med smil og gode ord. Det viser seg at eit av barna skal døypast i ei anna kyrkje. Oscar reiser seg og fortel om soknet sine 10.000 medlemmer som alle er døypte og ein del av fellesskapet, sjølv om kanskje berre 150 kjem på gudsteneste i snitt. Han lyfter fram barna som viktige i gudstenesta; eit leiketeppe er plassert framme, og dei toler godt lyd i gudstenesta. Ole tar over og snakkar om trusopplæring og babysong som foreldra blir inviterte til i dag. Han bruker munt-

re historier frå eige liv, deler ut ein CD og snakkar om dåpslyset som minner om Jesus og dåpen. Oscar går så fram til døypefonten. "De må berre spørja undervegs om de lurer på noko," seier han,⁹ men han legg ikkje eigentleg opp til dette. Han fortel om oppleget for gudstestene, med dåp og nattverd, og gir praktisk informasjon om klokkeslett, dåpssakristi og prosesjon. Så heller han i dåpsvatn og forklarer dåpen som sakrament: Det er Gud som handlar i dåpen. Han gir oss sine gåver. Dåpskjolen er kvit fordi me blir tilrekna rettferd. Han går steg for steg gjennom dåpsliturgien og gir korte forklaringar. "Har de spørsmål?" seier han til slutt. Så tar Ole med seg dåpsfamiliane og går til underetasjen i kyrkja slik at dei kan bli litt kjende med den opne barnehagen. Etterpå er det babysong på teppet framme i kyrkja.

Svein prest har dåpssamlinga åleine i ei trekyrkje på landet. Han startar med å seia litt om seg sjølv, og så sjekkar han namna på dei som er komne med babyane sine. Dei skal ha dåp på forskjellige sundagar i forskjellige kyrkjer. Svein presenterer innhaldet i samlinga, tennen eit lys i lysgloben for kvart barn og ber ei felles bøn for barna. Praktisk informasjon tar mykje plass: Om dåpssakristi, tidspunkt, prosesjon og gudsstenesta. Så deler han ut eit ark med dåpsliturgien, går gjennom denne og kommenterer. At ein døyper små barn, viser at dåpen er ei gave. Ein får del i Guds rike. Ståande ved døypefonten snakkar han om sakmentet og korleis dei konkret skal stå når dei kjem fram, om krossmerket og dåpsklut. "Barnet får tre ting i dåpen: Den heilage ande; det blir Guds barn og det blir ein del av kyrkja." "Dåpslyset kan de tenna på dåpsdagane framover, men kanskje de heller vil leggja det i minneboksen til barnet, slik eg har gjort," seier han. Han held fram med å snakka om fotografering, og at dåpen er ei god gave å leva i. Så gir han kvar familie ein CD med barne songar og inviterer til babysong på måndagar. Fleire tiltak i trusopplæringa blir trekte fram. "De foreldre har ansvar for dette, men me som kyrkje vil hjelpe til." "Har de spørsmål?" Til slutt repeterer han dei praktiske tinga, seier at gudsstenesta varer ein time og ti minutt, og spør kven dei har velt til fadrar. Han deler ut eit nytt ark med informasjon til fadrane. "Lukke til med

førebuingane til dåpsdagen!"

I den nyoppussa trekyrkja midt i storbyen startar Nina kateket med å lesa opp namna og kor barna skal døypast. "Har nokon av dykk vore her før?" spør ho. Så fortel ho litt om kyrkja og korleis dei arbeider med barn og unge, før Nora prest overtar. Ho tar fram ein dåpsengel og slår rikeleg med vatn opp i døypefonten. Ho seier at dei alle har noko til felles. De har velt dåp og sagt eit "ja". "Gud vil alle menneske godt og har sagt ja til barnet ditt allereie." Kva skjer når me ber barna til Gud? Svaret er at dåpsliturgien er felles, det som blir lese og bede, og ho vil teikna krossteiknet og døypa i namnet åt skaparen, frelsaren og livgjevaren. Det skjer noko i dåpen. Dåpen er ei gave, og Den heilage ande hjelper oss å tru. Jesus har sagt at me skal døypa og læra. Så går ho over til å snakka om nattverden og at mykje i kristendommen kan vera ubegripeleg. Krosssteiknet er eit symbol frå dåp til gravferd. Dåpen er inngangen i kyrkja. At ho nemner kristne barnesongar, blir ein overgang til at Nina går fram og syng "Sov du lille" (Norsk Salmebok 2013, nr. 589). Kantor kjem inn og akkompagnerer henne på piano. Nora held fram med å snakka om korleis barna prøver å etterlikna det som er viktig for foreldra, samstundes som ho fortel om trusopplæringsplanen til kyrkja. "Kyrkja er ein stad for dykker barn og dykk sjølve." Ho snakkar om dei tre konfirmantane ho skal døypa på sundag, og om bøn, kveldsbøn og bordbøn. Ho ber så mødrene (Det var berre mødrer; seint i samlinga kom éin far) koma fram til lysgloben. Der blir dei oppmoda til å tenna eit lys for barnet sitt. Presten ber ei bøn frå boka *Arvegull* og nemner namnet til kvart av barna. Tilbake på plassane igjen held Nina fram med å snakka meir om trusopplæring, om invitasjonane dei kjem til å få i posten, og om ulike tiltak spesielt tilpassa dei yngste barna. Etter å ha delt ut IKO sin dåpsbrosjyre er det babysong. Kantor kjem inn igjen og spelar til 5–6 korte songar. "Takk at de kom," seier Nora til slutt, "og velkommen tilbake hit."

I den andre bykyrkjelyden eg gjorde feltarbeid, gjekk ansvaret for dåpssamlingane på omgang. Ein annan prest og kateket enn dei eg intervjuja, leia samlinga. Dei smilte og helsa på foreldra etter kvart som dei kom, men presten var opptatt med mange papir etter at dei hadde kome inn i

kyrkja. Så starta han med å snakka om praktiske ting, litt om kva dåpen er, og om trusopplæring. Det var ein ledig og munter gjennomgang som han sa etterpå at blei forkorta noko på grunn av mykje og vedvarande barneskrik. Han snakka om gudstenesta og at det var heilt greitt om nokon av barna skreik. Han delte ut dåpsliturgien på eit ark og hadde ein kortfatta gjennomgang. Så vende han tilbake til det praktiske og sa det var fint om nokon ville delta under dåpshandlinga. Han utfordra dei nokså direkte til å seia noko om korleis dei tenkte om fadrapar, og sa litt om fadderansvaret som betyr meir enn å stå framme i kyrkja. Han tok med seg eit foreldreparyt og babyen deira opp til døypefonten og viste krossteiknet; det viser kven me hører til i dåpen. Det blei snakka om dåpslyset og Jesus som verda sitt lys, om nattverd som er for alle som har lyst, om prosesjon ut og bilete etterpå. Så vende han attende til kva dåpen er, og understreka at ingen skal døypast på nytt om dei i ungdomstida har velt å gå bort for ei tid. Dåpen gjeld. Kateketen overtok så, med klokkespel. Ho snakka om babysong og invitasjonar til trusopplæringsstiltak, om ei Facebook-gruppe dei kunne bli med i, og om ei liste dei kunne skriva seg opp på dersom dei ville ha ein påminnings-SMS. Boka *Arvegull* blei delt ut, og ho song "Kjære Gud, jeg har det godt" (Norsk Salmebok 2013, nr. 773). Ein liten foldar med fadderbøn blei delt ut, og presten opna for spørsmål. Totre praktiske ting blei spurt om. Dei avslutta rundt lysgloben. Først tende kateketen eit lys for foreldra, "dei glade og dei slitne", og så tende den eine av foreldra eller presten eit lys for kvart av barna, medan ho song: "NN, NN, NN, Så godt å se deg. Gud er glad i deg." Ho stod nært inntil kvart barn då ho song for dei. Dei avslutta ved å seia velsigninga saman ("Velsign oss, Gud Fader ...").

Analyse og drøfting av det empiriske materialet

Eg vil i det følgjande analysera og drøfta element i det empiriske materialet i lys av litteratur om dåpssamtalen. Tematisk vil eg først ta opp nokre element i opplegget for dåpssamlingar. Deretter analyserer eg sjølvе samlinga, med tanke på korleis kommunikasjonen skjer, kva type praksis

som går føre seg, og korleis det teologiske innhaldet i dåpssamlinga blir presentert.

Opplegget for dåpssamlinga

Bjørdal oppmodar til å bruka dåpsliturgien aktivt i samtalen og seier at samtalen skal vera eit møte med Gud, eit møte mellom menneske, den må seia noko om kva dåpen er, og om opplæring, noko om grunnlag for dåp og speglar sakramental glede (Bjørdal 1997:57–59). Mykje av dette finn me i det empiriske materialet, ikkje minst det at dåpsliturgien blir brukt som strukturert basiselement i alle samtalane. Jansvik hevdar at dåpssamtalen ideelt sett er tenkt å innehalda så mykje at det ikkje blir tid til alt (Jansvik 2009:4). Holdø seier at prestar strevar med det som er pålagt dei, og på grunn av mangfaldige ønske har ikkje samtalen fungert for nokon av partane (Holdø 2008:16, 31). Mitt inntrykk frå dåpssamlingane var ikkje at prest og kateket stressa for å få gjennomført det dei hadde tenkt, og utsegn frå foreldre i tidlegare undersøkingar viser at dei var nøgde med samtalen (Øystese 2013:161, Tinderholt 2013:62). Likevel kan det godt vera at det er for mange forventningar til samtalen frå kyrkja si side. Ut frå sitt empiriske materiale frå 2001 hevdar Holdø at prestar jobba åleine med samtalen; få brukte kyrkjerommet, og svært få hadde særleg tid til å snakka om dåpsopplæringa (Holdø 2008:33–34). Min empiri viser at når det gjeld dåpssamlingar, går dette annleis føre seg. Berre i éi av fire dåpssamlingar var presten åleine.¹⁰ Elles var gjennomgåande kateket med. Om dette har ført til lengre dåpssamlingar, eller at noko av tidlegare innhald er utelatt, kan eg ikkje svara på ut frå mitt materiale. For opplegget betyr dette at presten ikkje jobbar åleine med dåpssamlinga.¹¹ Kyrkjerommet blei gjennomgåande brukt, og trusopplæringa fekk mykje plass, både gjennom kateketen sin grundige presentasjon av dei ulike tiltaka og gjennom praksis, t.d. babysong.

Jansvik hevdar at prestar undervurderer dåpsforeldra sine behov for praktisk tryggleik, og derfor meiner ho samtalane bør skje i kyrkjerommet (Jansvik 2009:55). Dåpssamlingane skjer nettopp i kyrkjerommet, og dette blei brukt på ein måte som sikta mot å gjera foreldra trygge i den komande dåpsgudstenesta. Tinder-

holt sitt empiriske materiale viser òg at den praktiske gjennomgangen var grundig (Tinderholt 2013:49). Utdeling av materiell under dåpsamtalen har vore vanleg i mange år (Holdø 2008:34). Dette skjedde òg i dåpssamlingane eg observerte: Dåpsbok, CD med kristne barnesongar, ark med kristne symbol, ark med dåpsliturgi, dåpsbrosjyrer/-informasjon, ark om fadderoppgåver. Under observasjonen lurte eg på om dette kunne ha noko positiv betydning, og eg undra meg på kvifor ikkje dei undervisningstilsette gjorde seg meir bruk av materiellet dei delte ut. I Øystese si undersøking er det eit interessant funn at utdelt materiell gjennomgåande blir positivt mottatt av dåpsforeldra (Øystese 2013:165).

Organiseringa av innskriving til dåp ved eit sentralkontor (kyrkjetorg e.l.) ser ut til å føra til meir papirarbeid for å få oversyn over namn og spørja om kva familiar som er komne. Særleg der det var mange dåpsfamiliar til stades, opplevde eg det som eit forstyrrende element i starten av samlinga. Ein kan likevel sjå dette som ein moglegheit for dåpsforeldra til, heilt i starten av samlinga, å koma til orde.

Monolog eller samtale?

Bjørdal hevdar med styrke at presten ikkje må vera belærande og føra ein monolog, men samtala med foreldra. Han medgir samstundes at det er vanskeleg. Han funderer på om foreldra ikkje har så mykje på hjartet, men meiner heller at dei har det, men har vanskeleg for å finna ord fordi dei ikkje er vane med å snakka om slike ting (Bjørdal 1997:53–54). Dette er i tråd med tilrådinga i NOU 2000:26 som peikar på at ein vegskommunikasjon stenger for den gode samtalesalen (Andersen 2000:47). Prestane i Holdø sitt materiale ser dialogen i samtalesalen som viktig og har ønska dette, men situasjonen, tidsramma og tematikken har ”resultert i det som likner mer på en enetale”, hevdar ho (Holdø 2008:35, 47). Det er ingen tvil om at eit hovudinntrykk frå dei observerte dåpssamlingane er monolog og massiv informasjon, sjølv om dette blir mijuka opp ved at prest og kateket vekslar på å ha ordet. Foreldra derimot får sjeldan ordet og tar sjeldan ordet. Tinderholt konstaterer ut frå sitt empiriske materiale at foreldra for det meste har ei passiv

rolle (Tinderholt 2013:50).

Ein kan spørja seg kva grunnane til denne situasjonen kan vera. Det kan ha sin årsak i at foreldra ikkje har eit utvikla språk for å uttrykkja seg om desse tinga, noko som kan vera eit resultat av minkande kunnskap om kristendommen i vår pluralistiske kontekst. Det kan òg ha sin grunn i sjølve situasjonen. Den ytre settinga for dåpssamlinga, med fleire små babyar til stades, gjer det vanskeleg å føra ein god samtale. I tillegg til at foreldra lett blir distraherte viss deira eige barn er uroleg, gjer andre barn si skriking det vanskeleg å høyra kva som blir sagt. I to av fire samlingar var støyinvået frå barna så høgt at eg i etterkant har problem med å høyra kva som blir sagt i audioopptaket. Det kan vera fordi tida er for kort til å skapa eit samtaleklima, eller det kan ha sin årsak i tematikken og innhaldet. Holdø hevdar at kyrkja til no har brukt ”forklaring, belæring, informasjon og grensesetting” i dåpsamtalen. I vårt postmoderne samfunnsklima må dette erstattast av andre element, meiner ho (Holdø 2008:61). Ein mogleg grunn til foreldra si passive rolle kan vera at foreldra ikkje tar ordet fordi prest og kateket ikkje forventar at dei skal delta i dialogen, og dermed ikkje reelt legg til rette for dette. To gonger i løpet av dåpssamlinga sa Oscar at foreldra berre måtte spørja viss dei lurte på noko, men presentasjonsmåten hans la ikkje opp til spørsmål og kommentarar. Det verka som Oscar ut frå erfaring rekna med at foreldra sjeldan spurde om noko likevel. Sjølv med eit typisk samtaleopplegg som innhald i dåpssamtalene Kleiven har forska på, viste det seg at det var utfordrande for prestane å få til ein god dialog med foreldra om deira livshistorie (Kleiven 2016:52). Dette kan sjølvsagt ha å gjera med tematikken i dialogen, men synest å visa at det er utfordrande. I kyrkjelyden der dåpssamlinga blei avlyst to gonger i feltarbeidsperioden, har eg fått tilgang til manus for dåpssamling/dåpskurs. Nokre av elementa i dette manuset viser ein annan pedagogikk enn det eg har observert i dei andre dåpssamlingane. Foreldra blei plasserte på småbord i kyrkjelydssalen, med ein person frå kyrkja ved kvart bord som ”gruppeleiar”/fasilitator. Det blei servert kaffi og frukt/kake ved borda og dempa barnemusikk i bakgrunnen. Ei slik organisering la opp til samtale i

ein avslappa atmosfære. Dei har òg brukt ein to minuttars video med etterfylgjande samtale: "Hva ønsker du at ditt dåpsbarn skal få del i gjennom at det bæres til dåp?" I slutten av samlinga var kyrkjerommet arenaen, med samling rundt lysgloben og babysong. Kanskje kan element som dette leggja betre til rette for samtale?

Truspraksis

Tenning av lys i lysgloben skjedde i tre av fire dåpssamlingar. Dette var utforma som eit ritual der nemning av barnet sitt namn var gjennomgåande. I ei av samlingane blei det òg tent lys for foreldra, og ein bad velsigninga saman. Det skjer ei aukande institusjonalisering av lystenningsriten, hevdar Aagedal (Aagedal 2010:177), og det ser ut for at lystenning er lagt inn som eit liturgisk element i samlingane. Eg tolkar òg babysong som det å "gjera tru". Heile livet er med i songane ein då syng, det ordinære og gudstrua. I to av samlingane blei dette konkret gjennomført i sjølve samlinga, men òg i dei to andre blei dåpsforeldra spesielt innbedne til dette tiltaket. Begge tiltaka vitnar sterkt om at barnet er verdi fullt, og at barnet skal vera i sentrum. Praktiserung av tru er viktig i trusopplæringsplanen (Kirkerådet 2010:14–15), og mange av tiltaka i kyrkjelydane har lagt vekt på praksispektet i trusopplæringa (Hegstad 2008:78). Det er godt mogleg at trusopplæringsreforma har vore ein medverkande årsak til at det å "gjera tru" òg er tatt inn i dåpssamlinga. Truspraksis er eit viktig fokus i Holdø si oppgåve. Ho ønsker at kyrkja skal vera kyrkje med sin eineståande bodskap, sine forteljingar, symbolspråk og ritual, men dette må gjerast slik at foreldra blir berørte og opplever ein transcendent augneblink. Dåpssamtalen kan gjerast til ein smakebit på trusopplæringa, gjennom lystenning med bøn og velsigning for familien eller ved å ha babysong som dåpssamtale. Berre slik kan dåpssamtalen vera ein dør opnar til trusopplæringa i kyrkja, meiner ho (Holdø 2008:82, 62, 76–77). Mitt materiale viser at dei elementa Holdø etterlyser i dåpssamtalen, i stor grad er innarbeida i dåpssamlinga. Kanskje kan dette lettare gjennomførast i ei dåpssamling enn i ein ordinær dåpssamtale? Ei av dåpssamlingane hadde òg ein solosong som berørte på ein annan måte enn berre ord. Andre artifaktar

eg har observert blitt brukt i dåpssamlingane, har vore døypefonten, vatnet og krossteikninga. Det er naturleg at alle har referert til dette sidan gjennomgang av dåpsliturgien har vore strukturert for delar av samlinga. Ingen har likevel utnytta det liturgiske potensialet i desse elementa, ved å la foreldra få ei oppleving av det transcedente gjennom t.d. å få krossteikna seg sjølv med vatnet i døypefonten.

Det teologiske innhaldet i dåpssamlinga

"Sakramentets innhold og den hellige handling krever en form for nærhet og kommunikasjon før dåpen finner sted," hevdar Bjørdal i sin gjennomgang av dåpssamtalen. Han gir innspel til innhaldsmoment, slik som vatnet, tilhøvet mellom dåp og nattverd, bevisstgjering av foreldre på at å bera eit barn til dåpen kan vera ei trushandling, og han held fram vår felles truedkjenning som grunnlag for dåp. Det gjeld å forenkla, fortelja og formidla rikdommen i dåpen og trua, seier han (Bjørdal 1997:54–57). Jansvik tenkjer at prestane først og fremst vil samtala om betydninga av dåpen, altså dåpsteologi (Jansvik 2009:60). I dåpssamlingane eg observerte, snakka presten mykje om dåpsteologi, med unntak av presten i den eine bykyrkjelyden. For det var prestane som gjennomgåande gjorde dette. I intervjuva svara fire av seks kateketar at dei var usikre på dåpsteologi, og at dei sjeldan snakka om anna enn praktiske sider ved dåpen og om trusopplæring.¹²

Oscar prest er den som gjer dette mest grundig og har mange moment med. For dei av dåpsfamiliane som ikkje er faste kyrkjegjengjarar,¹³ kan nok fleire av formuleringane vera uforståelge: Drikkevatnet vårt som "element i dåpen", "sakrament", "nådemiddel"; Gud har gitt oss "moglegheit for å bli sette fri", dåp til "Kristi død og oppstode", den kvite dåpskjolen for dei som "er reinsa i Lammet sitt blod", "Kristus har vasaka oss reine". Alt dette blei snakka om i ein samanheng, men likevel blei det ikkje gjort noko forsøk på å forklara innhaldet på eit enkelt språk. Svein prest prøver i større grad å forklara kva han legg i dei litt vanskelege orda: Truedkjenninga er ein kort måte å seia kven Gud er. Forsakinga betyr at me seier nei til dei mørke kraftene. Sakrament er at Gud har lova å vera fy-

sisk til stades. Krossmerket tyder at barna skal høyra til Jesus til evig tid. Gåvene me får i dåpen, er Den heilage ande, det å bli Guds barn og bli ein del av kyrkja. Nora er meir antydande i dåpsteologien. Ho slår fast at før barnet blei fødd, har Gud sagt ja til barnet. Når me ber barnet til Gud i dåpen, skjer det noko, seier ho. Ho er lite tydeleg på kva dette er, utanom å seia at barna får Den heilage ande i dåpen, som hjelper oss å tru. Samstundes kan ho seia at barnet får ei trusgåve i dåpen. Barnet er det same etter dåpen, men samtidig har det skjedd noko usynleg. Ho snakkar om krossteiknet, men forklarer ikkje kva det inneber. Ho er tydeleg på at dåpen er inngangen til kyrkja, og at barnet blir ein del av Guds familie. I dåpsorienteringa som dei sender ut til foreldra, er ei av overskriftene "Kirkens syn på dåpshandlingen". Dåpen blir der definert som eit mysterium som det er vanskeleg å finna ord for å beskriva. Barnet blir reinsa ved ord, vatn og ande, og det blir "født på ny". Om hermetekna skal vera eit sitat av førra dåpsliturgi, eller om det signaliserer eit ubehag ved omgrepene, kan eg ikkje uttala meg om. Det heile blir summert opp med at "dåpen er starten på et liv sammen med Gud".

Ein kan undra seg på kva som kan vera årsak til skilnadene. Nora er prest i ein typisk bykyrkjelyd, medan dei andre arbeider i arbeidskyrkje- og bedehuskyrkjelyd. Det er rimeleg å forventa at Nora møter foreldre som er meir pluralistiske, og at ho derfor har ein annan måte å formulera seg på. Viss det er ein rett analyse, kan det tyda på at kyrkjelydstype har innverknad på dåpsteologien, i alle fall på korleis denne blir formulert. Med så få case kan det heller ikkje utelukkast at personlegdom og kristen bakgrunn og utvikling har bidratt til skilnadene.

Sidan eg ikkje har intervjua foreldra som var til stades på dåpssamlingane, kan eg ikkje uttala meg om kva dei forstod og ikkje av dåpsteologien som blei presentert. Med bakgrunn i kvalitativt materiale samla inn under arbeidet med hennar Phd-avhandling, hevdar Ida Marie Høeg at teologien i barnedåpen er vanskeleg for foreldre å forhalda seg til. Ho seier at "[S]jynspunktene går i retning av å forkaste kirkens teologi om barnedåp" (Høeg 2011:70).¹⁴ Holdø hevdar at foreldra er lite opptatt av kva kyrkja legg i då-

pen (Holdø 2008:25), og meiner derfor at kyrkja må gjera eit val: "Det mest nærliggende må være å møte foreldrene på det de er opptatt av, og på det de forventer i møte med kirkjen [...]." Hennar forslag er at presten ikkje må bruka dåpssamtaLEN til å forklara teologien, men bruka teologien sitt språk i form av liturgi, bøner og symbol (Ibid.:62). Kva vil det i så fall bety dersom dåpsteologien ikkje blir sett ord på i samlinga? Holdø stiller sjølv spørsmålet om kyrkja kan leva med at dei som kjem til dåp, ikkje er meir bevisste på det teologiske innhaldet i dåpen, men meiner at det må finnast nye løysingar på dette (Ibid.:28). Dette reiser eit prinsipielt spørsmål om kven som skal avgjera innhaldet i dåpssamlinga: Skal kyrkja berre gi foreldra det dei sökjer og ønskjer å få møta? Tinderholt refererer til ein dåssamtaLE der presten reflekterte rundt uttrykket "Guds barn" i (førre) dåpsliturgi. Han forklarer at barna har vore i Guds hand heilt frå unnfanginga, men samtidig blir det sagt at barnet blir Guds barn i dåpen, noko som er eit paradoks. "Da kan vi si det, at da blir det det er." Tinderholt kommenterer i etterkant at utsegna kan lesast som eit uttrykk for at kyrkja tilpassar bodskapen til noko som er meir "lettsolgt" i eit individualistisk og sekularisert samfunn. Oppfordringa til feiring av barnet og at barnet blir det det er, stemmer med eit postmodernistisk syn på mennesket, hevdar ho (Tinderholt 2013:52–53).

Oppsummerande refleksjonar

I kva grad finn eg formidling, sosialisering og aktiv deltaking i opplegget for dåpssamlingane, dei tre omgropa Fuglseth mfl. meiner at avdekker det underliggende kunnskaps- og læringssynet til undervisningsmedarbeidarane?

Eg har vist at dåpssamlingane inneheld mykje av det Fuglseth mfl. kallar formidling. Undervisningsmedarbeidarane styrer opplegget; det er kognitivt orientert, og språk/tale spelar ei stor rolle. Mykje informasjon blir presentert på kort tid: Om det teologiske innhaldet i dåpen, om dåpsliturgi, om praktiske forhold og om trusopplæringsstiltak som foreldra blir inviterte til. Reimers fann i sitt materiale at nokre av prestane brukte opp mot 90 % av taletida i samtalene (Reimers 1995:113). Eg har ikkje telt minuttar av totaltid, men monologen var framtredande i

samlinga. Ein fare ved å involvera dåpsforeldra i liten grad er at dei blir publikum. Kyrkja sine representantar står fram som aktørane når det gjeld dåp. Dei er ekspertane. Ser ein dette i lys av forbrukarsamfunnet, kan det samanliknast med at kyrkja sel ei vere. Faren i dette er at overtydinga om at det er foreldra som er dei beste trusopplærarane for sine barn, som eg trur er gjennomgåande hos informantane, kjem i bakgrunnen. Likevel hevdar Fuglseth mfl. at god formidling høyrer med og bør inngå. Isaksen understrekar, i omtale av dåppssamtalen, at sjelssørgjaren kan vera aktiv med kunnskap, kompetanse og det han kallar eit "hermeneutisk partnerskap" med dei som deltar i samtalen. Det kan innebera undervisning om ritualet og andre punkt som kyrkja meiner bør stå på samtaleagendaen, utan at dette treng utelukka merksemdund til dei andre sine behov (Isaksen 2014:46). Det er kanskje balansen mellom eigen agenda og merksemdund til dåpsforeldra sine behov og det å la dei koma til orde som er utfordringa i dåpssamlinga? Det er rimeleg at utviklinga frå dåppssamtale til dåpssamling har forsterka preget av formidling, og at ein derfor må vera ennå meir oppteken av moglegheita for dialog og leggja til rette for dette i ei dåpssamling. I si empiriske undersøking av lyttarresepsjon av preiker understrekar Marianne Gaarden sterkt at det er tilhøyrarane som, gjennom sin subjektive meiningsproduksjon, konstruerer si "eiga" preike. Det utelukkar likevel ikkje at det forkynnaren seier er viktig. Ho seier: "[...] prædikanten kan facilitere et rum, hvor kirkegængerne selv aktivt kan skabe mening i dialog med de udefra-kommende ord." (Gaarden 2013:138). I analogi med dette kan ein forstå formidlinga som ein nødvendig komponent i ei dåpssamling.

Formidlinga kan likevel ikkje stå åleine. Den må supplerast med sosialisering, fokus på fellesskap og det å kjenna tryggleik. Eg meiner å sjå mykje av dette òg i dåpssamlingane. Foreldra blei tatt imot med smil og gode ord. Som medlemmar i kyrkja blei det sagt at dei høyrde med i det store kyrkjefellesskapet, uavhengig av grad av kyrkjeleg aktivitet. Dei som underviste, delte av eigen personlegdom, livssituasjon og erfaring, ein føresetnad for at dåpsforeldra kan oppleva dei som nære, ifølge Jansvik (Jansvik

2009:45). Solosongen i den eine samlinga rørte ved heilt andre kjensler enn berre ord og la til rette for ei erfaring av det heilage (Akerø 2002:200–201). Dei som underviste "såg" barnet, ikkje minst gjennom lystenning og babysong. Då eit av barna var uroleg, tok Oscar det på armen og gjekk rundt i kyrkja medan han formidla dåpstteologi. Øystese understrekar kor positivt det blir opplevd av dåpsforeldra at presten ser dåpsbarnet, gjennom å be for, halda eller gi merksemdund på andre måtar (Øystese 2013:166), og dåpsforeldra i Kleiven si undersøking var gledeleg overraska over å møta ei kyrkje som brydde seg så mykje om omsorga for dåpsbarnet (Kleiven 2016:52). Ein kan likevel spørja seg om i kva grad språket som blei brukt i forklaringane av dåpstteologien verka sosialiseringe. For å kunna ta del i og vera til stades i presentasjonen, er det avgjerande at dåpsforeldra forstår kva som blir sagt. Her er det skilnader mellom prestane, slik eg har vist. Svein sine forklaringar av vanskelege teologiske utsegner på eit daglegdags språk verkar meir sosialiseringe enn Oscar sin bruk av teologiske spesialuttrykk som ikkje blei gitt noko forklaring. Kommunikative element som ikkje blir forstått av dåpsforeldra, bidrar ikke til å skapa tryggleik og fellesskap.

Læring som sosialisering blir ennå sterkare understreka gjennom eit delaspekt av sosialisering, som her er kalla aktiv deltaking. Fuglseth mfl. snakkar om ein "aktiv læringsdialog mellom den lærande og ulike meiningsberande element" (Fuglseth, Haakedal, and Schmidt 2012:61). Dette kom særleg til syne i samlingane rundt lysgloben, i nemning av namn, lystenning og bøner. I ei av dåpssamlingane blei dette så sterkt at ei av mødrane måtte gå for seg sjølv ei tid for å takla det kjenslemessige. Aktiv deltaking skjer òg i høg grad gjennom babysong der foreldre og barn tar del i rørsler og song. Det å sleppa dåpsforeldra sine erfaringar og refleksjonar fram i samtale observerte eg ikkje som ein del av samlinga, men kateketen i ein av kyrkjelydane fortalte om interessante dialogar under matøkta på babysong.

Formidling, sosialisering og aktiv deltaking fungerer gjensidig utfyllande i opplegget på dåpssamlingane, men veka litt definitivt på formidling. Med eit så sterkt fokus på formidling, er

det rimeleg å spørja kva det då er som ikkje får plass i dåpssamlinga? Spørsmålet er kva som er mogleg å få gjennomført i éi samling. Både Øystese, Akerø og Kleiven føreslår to møtepunkt. Øystese understrekar at kyrkja må møta foreldra der dei er, og det krev ein open dialog. Då meiner han det er naudsynt å vurdera fleire møtepunkt før dåpsdagen, for å møta både foreldra og kyrkja sine behov når det gjeld dåp (Øystese 2013:170). Akerø hevdar at kyrkja misser noko svært verdfullt om ein nøyer seg med ei felles-samling før dåpen, og han argumenterer for ein dåpssamtale i heimen i tillegg (Akerø 2002:209). Kleiven meiner det optimale ville vera ei dåps-samling før gudstenesta og ein dåpssamtale med omsorgsaspektet som hovudfokus etter då-pen (Kleiven 2016:66). Nora fortel at dei først har ei dåpssamling for fleire kyrkjelydar og deretter har ho dåpssamtale individuelt med dei foreldra som skal ha dåp i "hennar" kyrkje. Å innföra to møtepunkt i samband med dåp er heller ikkje uproblematisk. Det viser erfaringa i kyrkjelyden som måtte avlysa dåpskurset to ganger og nå har vedtatt berre å satsa på individuelle dåpssamtalar. Spørsmålet er òg om foreldra vil prioritera å koma på to samlingar i samband med dåp, men det kan ein ikkje vita før det er prøvd ut. Viss dåpsprosenten går ned, og talet av dåp minkar, vil det utfordra moglegheita for å ha dåpssamlingar som føreset at det er fleire foreldrepær som skal ha dåp innan ein rimeleg tidsperiode.

Eg har i artikkelen gitt eit empirisk bidrag til korleis Den norske kyrkja sine representantar (prest og kateket) legg opp og gjennomfører fire dåpssamlingar. Materialet er analysert og drøfta tematisk, sett i lys av føreliggjande litteratur om dåpssamtalen, men hovudfokus har vore å visa korleis dåpssamlinga framstår som ei eiga praksisform i arbeidet med dåp i lokalkyrkjelyden. Gjennom nokre oppsummerande refleksjonar har eg vist korleis kunnskaps- og læringssynet som ligg til grunn for og pregar dåpssamlingane, har eit sterkt fokus på formidling, sjølv om sosialisering og aktiv deltaking òg er til stades. Utfordringa er særleg å involvera dåpsforeldra i ekte dialog der både kyrkja sine representantar og dåpsforeldra tar aktivt del.

Litteratur

- Aagedal, Olaf. 2010. "Lystennen på graver som folkekirkjelag praksis." I *Religion i dagens Norge. Mellom sekularisering og sakralisering*, red. Ulla Schmidt og Pål Ketil Botvar, 166–180. Oslo: Universitetsforlaget.
- Afdal, Geir. 2013. *Religion som bevegelse: læring, kunnskap og mediering*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Akerø, Hans Arne. 2002. "'Det beste er vannet!' 7 bekref-telsler på dåp og dåpssamtale." I *Himmelgaven: kirkens møte med mennesker ved dåp*, red. Hans Arne Akerø og Rolf Simeon Andersen, 195–211. Oslo: Den norske kirkes presteforening.
- Akerø, Hans Arne, and Rolf Simeon Andersen. 2002. *Him-melgaven: kirkens møte med mennesker ved dåp*. Oslo: Den norske kirkes presteforening.
- Andersen, Nils Tore m.fl. 2000. NOU 2000:26. "- til et åpent liv i tro og tillit": Dåpsopplæring i Den norske kirke. I *Norges offentlige utredninger (tidsskrift; trykt utg.)*, red. Kirke, utdannings- og forskningsdepartementet. Oslo: Statens forvaltningsstjeneste, Informasjonsforvaltning.
- Birkedal, Erling, Heid Leganger-Krogstad, og Hans Austna-berg. 2017. "Kirkelig undervisning – hva nå? Utfordrin-ger med religionsmangfold og lav deltagelse." *Prismet* 68 (3):259–274.
- Bispedømme, Stavanger. 2016. Årsrapport 2016. Stavanger: Den norske kyrkja.
- Bispemøtet. 1982. *Dåpspraksis og dåpsopplæring i Den norske kirke: en utredning avgitt til Bispemøtet våren 1982 med Bis-pemøtets vedtak og studieplan for sju samvær*. Oslo: IKO's læremidler.
- Bjørdal, Øystein. 1997. "Dåpssamtalen." I *Være tider i Guds hånd: kirkens tjeneste ved dåp, konfirmasjon, vigsel og grav-ferd*, red. Olav Skjevesland og Berit Okkenhaug, 52–60. Oslo: Verbum.
- Fuglseth, Kåre, Elisabet Haakedal, og Ulla Schmidt. 2012. *Lo-kale trusopplæringsplanar: innhald og prosess*. Vol. 2012:3. Oslo: Stiftelsen kirkeforskning.
- Gaarden, Marianne. 2013. "Prædikenen som subjektiv me-ningsproduksjon – Forholdet mellom prædikant og kirkeganger." I *En gudstjeneste – mange perspektiver*, red. Kirstine Helboe Johansen og Jette Bendixen Rønkilde, 111–141. København: Anis.
- Hegstad, Harald. 2008. "Teologien i reformen." I *Kunnskap, opplevelse og tilhørighet: evaluering av forsøksfasen i Den norske kirkes trusopplæringsreform*, red. Otto Hauglin, Håkon Lorentzen og Sverre Dag Mogstad, 73–91. Bergen: Fagbokforlaget.
- Holdø, Cecilie. 2008. "Dåpssamtalen mellom det hellige og alminnelige: kirkens utfordringer i møte med unge foreldre i en postmoderne tid." Master, Det teologiske Menighetsfakultet.
- Høeg, Ida Marie. 2008. "'Velkommen til oss': Ritualisering av livets begynnelse." PhD, Det historisk-filosofiske fakultet, Universitetet i Bergen.
- Høeg, Ida Marie. 2011. "Kjønn og folkelig dåpsteologi." *Din: tidsskrift for religion og kultur* (1): 65–78.
- Høeg, Ida Marie, og Ann Kristin Gresaker. 2015. *Når det rokkes ved tradisjon og tilhørighet: nedgang i oppslutning om dåp i Oslo bispedømme*. Vol. 2015:2, KIFO rapport (trykt utg.). Oslo: KIFO, Institutt for kirke-, religions- og livs-synsforskning.
- Isaksen, Sjur. 2014. "Sårbarhet og ivaretakelse. Kasualsam-talen som folkekirkens grunnleggende samtalepraksis." *Tidsskrift for Praktisk Teologi* 31 (2):36–47.
- Isaksen, Sjur. 2016. "Disse mine minste. Om dåp som om-sorg." I *Beskytt øyeblikket mitt: kirkens og foreldrenes omsorg for de minste barna*, red. Tormod Kleiven, 11–24. Oslo: IKO-forlaget.
- Isaksen, Sjur og Hilde Hodnefjeld. 2015. Fokus: *Dåp: et sam-*

- talehefte om menighetens dåpsarbeid. 2. utg. Oslo: IKO-forlaget.
- Jansvik, Eva Marie. 2009. "Dåpssamtalen – det viktige første møte mellom foreldre og kirke." Master, Det teologiske Menighetsfakultet.
- Jørgensen, Siv. 2002. "Dåppssamling på Stiklestad. Erfaringer med felles dåppssamlinger." I *Himmelgaven: kirkens møte med mennesker ved dåp*, red. Hans Arne Akerø og Rolf Simeon Andersen, 185–193. Oslo: Den norske kirkes presteforening.
- Kirkerådet. 2010. *Gud gir – vi deler. Plan for trosopplæring i Den norske kirke*. Oslo: Den norske kirke.
- Kleiven, Tormod. 2016. "Dåpssamtalen. Refleksjonssted over ormsorgen for barnet." I *Beskytt øyeblikket mitt: kirkens og foreldrenes omsorg for de minste barna*, red. Tormod Kleiven, 49–67. Oslo: IKO-forlaget.
- Liorden, Runar J. 2014. "Dåpssamtalen i en ny tid." *Prismed* (2):105–III.
- Reimers, Eva. 1995. "Dopet som kult och kultur: bilder av dopet i dopsamtal och föräldraintervjuer." 132 Doctoral thesis, Verbum.
- Swinton, John, and Harriet Mowat. 2006. *Practical Theology and Qualitative Research*. London: SCM Press.
- Tinderholt, Solveig. 2013. "Dåp i dag: foreldres motivasjon og opplevelse av å bringe barn til dåp – en kvalitativ empirisk undersøkelse." Master, Det teologiske Menighetsfakultet.
- Øystese, Rune. 2013. "Dåpssamtalen, en suksesshistorie?" *Prismed* 64 (3):155–171.

Noter

- ¹ Fem var sokneprestar, og ein var spesialprest. Det var to kateketar, tre kyrkjelydspedagogar og ein trusopplæringsleiar. Vidare i artikkelen omtalar eg desse av anonymitetssyn som "prest" og "cateket". To av prestane og tre av kateketane er kvinner. Tre prestar og fem av kateketane er 41–50 år. Ein prest og ein cateket er 51–60 år og to prestar er 60+. Alle har lang erfaring.
- ² I ein av kyrkjelydane hadde dei berre individuelle dåpsamtalar, noko eg ikkje bad om å få observera av forskingssetiske omsyn. I ein kyrkjelyd blei dåppssamlinga avlyst to gonger i feltarbeidsperioden. Prosjektet har fått tilråding frå Norsk Senter for Forskningsdata (nsd).
- ³ Swinton and Mowat 2006:46–47.
- ⁴ Ei utgreiing om dåpspraksis frå 1982 legg vekt på at dåpssamtalen skal gi innsikt i og forståing av kva dåpen betyr (Bispemøtet 1982:61). Utvalet som utarbeida utgreiinga om dåsopplæring i DnK i 2000, understrekar det å byggja relasjoner, gi støtte i foreldrerolla og at samlinga må bruka dialog og ikkje einvegskommunikasjon (Andersen 2000:12, 47). Planen for trusopplæring, *Gud gir – vi deler*, nemner dåpssamtalen éin gong, men seier at kontakten i samband med dåp er eit godt utgangspunkt for samarbeid kyrkje – heim (Kirkerådet 2010:19). Sjå Øystese 2013:161–163, som har ein meir utførleg gjennomgang av kyrkja sitt planverk.
- ⁵ Dåp, konfirmasjon, vigsel, gravferd.
- ⁶ Ida Marie Høeg har gitt fleire bidrag til dåpsforeldra sine perspektiv på dåp og kvifor dei vel å døypa/ikkje døypa barna sine, utan å gå spesifikt inn på dåpssamtalen (Høeg 2008; Høeg 2011).
- ⁷ Cecilie Holdø har i 2001 sjølv samla ein del materiale frå prestar si oppleveling av dåpssamtalen (Holdø 2008:11), og Tinderholt leverer eit empirisk bidrag frå observasjon av tre dåppssamtalar der det synest som meir enn eitt foreldrepair har vore til stades (Tinderholt 2013:59). Ho kallar det likevel dåpssamtale og ikkje dåppssamling.
- ⁸ Eg vel desses omgrep framfor metaforane "tilegnelse", "deltagelse" og "kunnskapning" (Afdal 2013:199–200). Grunnen er særleg at Fuglseth mfl. ser omgrepene som gjensidig utfyllande, slik eg òg gjer, medan det aspektet ikkje synest å vera særleg til stades i bruken av metaforane. Eg oppfattar metaforane slik at "kunnskapning" gjerne blir presentert som den eigentlege forma for læring. Innhaldet i kunnskapningsmetaforen blir i liten grad dekkja gjennom omgrepene Fuglseth et al. brukar.
- ⁹ Nokre gonger parafraserer eg innhaldet i observasjonane; andre gonger siterer eg. Eg har berre delvis audioopp-tak av dåppssamlingane og har ikkje gjort ein ord-for-ord-transkripsjon av dette materialet, men sitata er slik eg har notert dei. Eg bruker målfonna elles i artikkelen i sittata.
- ¹⁰ Kateketen i den kyrkjelyden fortalte at ho unntaksvist var saman med presten, men ressurs-situasjonen gjorde at ho ikkje kunne prioritera dette sjølv om ho gjerne ville ha mott dåpsfamiliane på denne første samlingen.
- ¹¹ Eg reknar med at presten er áleine i individuelle dåpsamtalar, men auke i dåppssamlingar har gjort presten til mindre solospelar.
- ¹² Ein kan lura på om prestane la så stor vekt på dåps-teologi sidan eg var til stades og forska på det lutherske dåpssynet i trusopplæringa. Eg twilar likevel på at dei la om undervisninga på grunn av meg. Fast manus for dåppssamlinga, som tre av dei sende meg i ettertid, tyder på at dåpstteologi er ein fast del.
- ¹³ Tinderholt trur prestane la så stor vekt på det praktiske i dåpssamtalene fordi dei såg for seg at dåpsforeldra ikkje var faste kyrkjegjengarar (Tinderholt 2013:49).
- ¹⁴ Eit kvantitatittivt materiale frå 2012 viser at foreldra rangerer tradisjonslement som viktigaste grunn til å døypa barnet sitt ("fin tradisjon": 87,3 %), medan teologiske element har lågare score ("bli Guds barn": 41,7%) (Høeg and Gresaker 2015:37).